

Beredskapsoversyn



Sykkylven kommune

Innhald:

Samfunnssikkerheit, krise og beredskap

1.	Overordna sivil kriseleiing	3
2.	Overordna målsetting i Sykkylven kommune	4
3.	Skjematisk oversyn over beredskapsarbeidet i Sykkylven.....	5
4.	Nærare om ansvar og mynde i Sykkylven kommune	6
5.	Beredskapsrådet	7
6.	Lovgrunnlag	8
7.	Andre føringar	9
8.	Pålegg retta mot kommuneverksemda.....	10
9.	Risiko- og sårbarheitsanalyser. (ROS).....	11
10.	Lokal handtering av krisesituasjonar, katastrofar og ulykker.....	12
11.	Planoversyn	13
12.	Ajourhald/revisjon.....	14

Samfunnssikkerheit, krise og beredskap.

1. Overordna sivil kriseleiing

Slik er kriseleiinga på sivil side organisert i Noreg:

1. **Storting/regjering** vedtek beredskapslovverket, fastset mål og rammebetingelser, og har det overordna ansvaret for handteringa av landsomfattande hendingar eller hendingar med større skadeomfang.
2. **Utpeika ansvarleg departement** ev. justis og beredskapsdepartementet har det overordna fagansvaret og det administrative samordningsansvaret, dette har den løpande strategiske leiinga og skaffe beslutningsgrunnlag.
3. **Aktuelt fagdirektorat** ev. DSB er støtte til departementet si koordinerande rolle, pådrivar for heilheitleg førebyggjande arbeid og beredskapsførebuingar, bidreg til samordning som skal sikre effektiv handtering av større ulykker og kriser.
4. **Politiet** skal gjennom førebyggjande, handhevande og hjelpande verksemd bidra til å oppretthalde ro, orden og sikkerheit, har den operative leiinga på skadestad/hendingstad og iverkset tiltak for avverge fare og avgrense skade.
5. **Statsforvaltar** har rolle som pådrivar, veileder og koordinator ved planlegging innanfor samfunnssikkerheit og beredskap i sitt fylke, samordnar den sivile krisehandteringa og samarbeidet mellom sivile og militære styresmakter.
6. **Kommunane** skal har oversikt over risiko og sårbarheit i eiga kommune, drive systematisk førebyggjande arbeid og gjere særskilte beredskapsførebuingar, har støttefunksjon til den som handterer/»eig» krise. For krisesituasjonar i eiga verksemd har kommunen hovudansvaret. Kommunen bidreg ved opprydding, stabilisering og tilbakeføring til normalsituasjon.

Statsforvaltaren tek imot, effektuerer eller vidareformidlar anmodningar og oppdrag. Statsforvaltaren skal snarast opprette kontakt med kommunane i sitt fylke.

Kommunen skal orientere Statsforvaltaren om situasjon, utvikling, iverksette tiltak eller melde tilbake tiltak dei ønskjer iverksett av overordna instansar m.m.

2. Overordna målsetting i Sykkylven kommune

Hovudmålsetting:

Sykkylven kommune har som hovudmålsetting å unngå, redusere eller avgrense følgjene av kriser og uønskete hendingar i lokalsamfunnet.

Delmål:

- a) Sykkylven kommune skal ta omsyn til samfunnssikkerheit, krise og beredskap gjennom å integrere hovudmålsettinga i kommuneplanlegginga.
- b) Sykkylven kommune skal vere førebudd på kriser og uønskete hendingar gjennom å bruke risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) i kommuneverksemda.
- c) I ein krisesituasjon skal Sykkylven kommune gjennomføre raske tiltak og så langt som råd, halde i gang dei viktigaste tenestefunksjonane med tanke på å sikre liv, helse og verdier.

Hovudprinsipp – kommunerolle

Det er eit hovudprinsipp i den sivile beredskapen at den eininga eller sektoren som har ansvaret for ei samfunnsteneste – til dagleg - også har hovudansvaret for å ha planar for førebygging og beredskap med tanke på iverksetting av tiltak i krisesituasjonar.


Dette hovudprinsippet synleggjer at både kommuneleiinga, einingsleiarane og aktuelle fagansvarlege har eit definert ansvar for beredskapsarbeidet.

Ein kriseplan blir definert som «førebudde handlingar for å møte ulykker og andre uønskete hendingar ut over det som blir rekna som normalrisiko og normalpåkjenning».

Sykkylven kommune må gjere ROS-analyser og innarbeide god krisehandteringsevne i samfunnsplanlegginga:


1. Sette mål og forplikte organisasjonen gjennom vedtak i styrande organ.
2. Utvikle kartlegging og krisehandteringsevne gjennom relevante undersøkingar/planar/opplæring/godt utstyr og øvingar i einingane og i den administrative organisasjonen.
3. Utarbeide kriseplanar for situasjonar der den ordinære organisasjonen ikkje er tilstrekkeleg
4. Evaluere og utvikle arbeidet gjennom faste rutinar for ajourhald og revisjon.

3. Skjematisk oversyn over beredskapsarbeidet i Sykkylven



Samarbeidspartar og premissleverandørar:

Naud-etatane:



Andre:



4. Nærare om ansvar og mynde i Sykkylven kommune

Kommunestyret vedtek overordna mål og retningsliner for alt kommunalt arbeid som har med samfunnssikkerheit, krise og beredskap å gjere.

Formannskapet fører tilsyn med at politiske vedtak blir følgd opp og kan gje retningsliner for arbeidet på tenestenivået med tanke på fagplanar, samordningstiltak etc. i kommunen.

Ordføraren har ansvar for vurdering/revidering av samfunnssikkerheit og beredskapsmål. Ordføraren har det overordna ansvaret for kriseleiinga i kommunen.

Kommunedirektøren skal følgje opp dei overordna måla for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på tenestenivå og er mellom anna ansvarleg for å koordinere aktivitetane i kommuneorganisasjonen. Kommunedirektøren skal følgje opp dei einiskilde einingane og er operativ leiar i kommunen si kriseleiing.

Kriseleiinga i Sykkylven kommune har delegert mynde til å treffe nødvendig avgjerd om tiltak i ein krisesituasjon.

Sykkylven kommune si kriseleiing har desse medlemmene:

- ordførar
- varaordførar
- kommunedirektør
- kommunalsjef helse
- kommunalsjef oppvekst
- økonomisjef
- kommuneoverlege
- kommunalsjef samfunn
- stabssjef
- seksjonsleiar/leiar for polititenevne i Sykkylven
- brannsjef
- beredskapskoordinator (sekretær)
- + ev. andre fagpersonar som vert vurdert naudsynt.

Kommunedirektøren leier det operative arbeidet, medan ordføraren har det overordna ansvaret for den eksterne kriseinformasjonen. Jf. plan for kriseleiinga.

Kvar einiskild einingsleiar og fagansvarleg har delegert ansvar og mynde med tanke på særskilde planar og tiltak innan sine, definerte ansvarsområde.

Vararepresentantar til den kommunale kriseleiinga er tilsette som har den aktuelle funksjonen, alternativt den som kommunedirektøren peikar ut.

Beredskapskoordinatoren følgjer opp og koordinerer arbeidet med overordna beredskapsplanverk i «fredstid» og støtter kriseleiinga med aktuelt stabsarbeid ved ei hending/krise.

5. Beredskapsrådet

i Sykkylven kommune er eit samrådingsorgan som i tillegg til medlemmane i kriseleiinga, har medlemmer frå frivillige organisasjonar, lokale statlege organ og forsvar/sivilforsvar.

Beredskapsrådet i Sykkylven kommune er sett saman slik:

- Ordførar
- Varaordførar
- Beredskapskoordinator
- Kommunedirektør
- Kommunalsjef helse
- Kommunalsjef oppvekst
- Økonomisjef
- Kommunalsjef samfunn
- Stabssjef
- Brannsjef
- Adm. dir. Sykkylven Energi AS
- Seksjonsleiar lokalt politi
- Områdesjef Heimevernet
- Leiar NAV
- Leiar Mattilsynet
- Kommuneoverlegen
- Leiar Omsorgsberedskapsgruppa
- Helse- og sosialfagleg rådgjevar
- Rådgjevar oppvekst
- Jordbrukssjef
- Samfunnsplanleggar
- Miljøvernkonsulent
- Sykkylven Røde Kors Hjelpekorps
- Sunnmøre Alpine Redningsgruppe
- Kyrkja
- Sivilforsvaret
- Ekornes v. HMS-leder

Beredskapsrådet skal vere eit forum for samarbeid og for gjensidig informasjon om dei einskilde gruppene sin beredskapsmessige status.

6. Lovgrunnlag

Heimelsgrunnlag: LOV 2010-06-25 nr 45: Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelsesloven); §§ 14 og 15, samt FOR 2011.08.22 nr 0894: (JD) Forskrift om kommunal beredskapsplikt

§ 14 Kommunal beredskapsplikt – risiko- og sårbarhetsanalyse (15 a)

Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal legges til grunn for kommunens arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder ved utarbeiding av planer etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

Risiko- og sårbarhetsanalysen skal oppdateres i takt med revisjon av kommunedelplaner, jf. lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 11-4 første ledd, og for øvrig ved endringer i risiko- og sårbarhetsbildet.

Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om gjennomføring av risiko- og sårbarhetsanalysen.

§ 15 Kommunal beredskapsplikt – beredskapsplan for kommunen

Med utgangspunkt i risiko- og sårbarhetsanalysen etter § 14 skal kommunen utarbeide en beredskapsplan.

Beredskapsplanen skal inneholde en oversikt over hvilke tiltak kommunen har forberedt for å håndtere uønskede hendelser. Som et minimum skal beredskapsplanen inneholde en plan for kommunens kriseledelse, varslingslister, ressuroversikt, evakueringsplan og plan for informasjon til befolkningen og media.

Beredskapsplanen skal være oppdatert og revideres minimum en gang per år. Kommunen skal sørge for at planen blir jevnlig øvet.

Departementet kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om beredskapsplanens innhold og øvrige krav etter denne bestemmelsen

Kommunen som planmynde og planansvar etter plan- og bygningslova:

Kommunane er planorgan og har ansvaret for å ta vare på samfunnssikkerheita i planar etter plan- og bygningslova. Gjennom lov 27.juni 2008 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) skal ein i all planlegging ta vare på omsynet til samfunnssikkerheit (§ 3-1 (h)). Det er innført ei generell plikt som gir kommunane påbod om å syte for at risiko- og sårbarhetsanalysar (ROS) blir gjennomførte når dei utarbeider planar for utbygging (§ 4-3).

Desse påboda er overordna all planlegging i kommunen, og kjem i tillegg til plankrav om ytterlegare sikkerheits- eller beredskapstiltak etter særlov, som td helse- og sosialberedskapsplan og krav til kontinuitetsplanlegging i alle kritiske samfunnstenester.

7. Andre føringar

Samfunnssikkerheit handlar om eit samfunn si evne til å ta vare på liv og helse, og dekke grunnleggande behov for innbyggjarane, samt oppretthalde viktige funksjonar under ulike påkjenningar. God samfunnssikkerheit føreset førebygging av uønskte hendingar, og beredskap som reduserer skadeverknadane når noko likevel går gale.

Kommunane er ein viktig del av den totale samfunnsberedskapen.

Alt beredskapsarbeid skal kvile på fire hovudprinsipp:

1. Ansvarsprinsippet:
Den sektoren/eininga/leiaren som har ansvaret for eit fagområde i ein normalsituasjon, har også ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for å handtere ekstraordinære hendingar på området. Ansvarleg instans må ta stilling til kva som er akseptabel risiko. (førebuingar kan vere: ROS-analyser, skadeførebygging og andre beredskapstiltak)
2. Likheitsprinsippet:
Organisasjonen som skal handtere ei krise eller ulykkeshending, skal i utgangspunktet vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har ved normal dagleg drift.
3. Nærheitsprinsippet:
Kriser skal organisatorisk handterast på lavast moglege nivå.
4. Samvirkeprinsippet:
Myndigheiter, verksemdar eller einingar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre eit best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemdar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Kommunane er planorgan og har ansvaret for å ta vare på samfunnssikkerheita i planar etter plan- og bygningslova. Gjennom lov 27.juni 2008 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) skal ein i all planlegging ta vare på omsynet til samfunnssikkerheit (§ 3-1 (h)). Det er innført ei generell plikt som gir kommunane påbod om å syte for at risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) blir gjennomført når dei utarbeider planar for utbygging (§ 4-3). Vidare er det innført Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret (2010) og Forskrift om kommunal beredskapsplikt (2011).

8. Pålegg retta mot kommuneverksemda

I kommunen vil arbeidet omfatte:

- Lokale trusselvurderingar og risiko- og sårbarheitsanalyser. (ROS-analyser)
- Førebyggjande tiltak og beredskapsomsyn i kommuneplanlegginga.
- Planar for kriseleiing og skadebøting. (Førebudde tiltak i krisesituasjonar/tiltakskort)

Utover pålegga i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt (pkt 5):

Plan- og bygningslova av 27.6.2008 er klar på at det skal takast beredskapsomsyn i arealplanlegginga og at arealbasert risiko skal avdekkast FØR planar kan godkjennast.

Brann- og eksplosjonsvernlova av 14.6.2002, pålegg kommunen å utarbeide ROS-analyser og syte for at analysane ligg til grunn for dimensjonering av brannberedskaper.

Andre lovverk pålegg t.d. beredskap mot akutt forureining og sikring av drikkevatt.

Helseberedskapslova av 23.6.2000 heimlar beredskapsplanverk for helse-, omsorgs- og sosialtenester.

Plan for omsorgsberedskaper er ein eigen delplan til kriseleiingsplanen.



9. Risiko- og sårbarheitsanalyser. (ROS)

Alle beredskapsplanar som skal hindre eller handtere uønskte hendingar i kommunen (ulykker, kriser m.m.), må basere seg på analysar og vurderingar av kvar sårbarheita er størst og kor stor risikoen er.

Døme på tema for ROS – analyser

som kvar enkelt eining må gjennomføre i høve til sine ansvars- og driftsområde:

IKT:

Ulike hendingar som går utover telefoni, kommunikasjon, nett-tenester m.m.

Straumbrot:

Sykkylven Energi har overordna beredskap og ansvar for overordna planverk og tiltak. Kommunen/einingane risikovurderer trusselen i høve til eigne bygningar/lokalitetar og i høve til dei ulike tenesteområda

Trafikktryggleik:

Skulebuss-/bussulykke/påkjørsel av skoleborn/barnehageborn
Større vegulykke
Kartlegging av nærare sårbarheit og risiko

Brann-/eksplosjon:

Brann i bygningar / institusjonar, skular, barnehagar, samfunnshus/idrettshallar.
Transport av farleg gods gjennom kommunen + ferjekai (gass, metanol, ammunisjon)
Eksplosjon på bensinstasjon/luftforureining i samband med brann/utslepp
Brann i fabrikkannlegg med farlege kjemikaliar

Større båtulykke/ferjeulykke/oljesøl

Kartlegging av nærare sårbarheit og risiko

Ras- og flaumutsette område:

Snø- /jord-/leir-/steinras i bustadområde
Tilsvarande ras som stenger riksveggar, fylkesveggar og kommunale veggar
Kartlegging av nærare sårbarheit og risiko

Åkneset:

Det er utarbeidd eige planverk vedkommande flodbølgjer ved fjellskred frå Åkneset

Anna:

- Forureining av vasskjelder.
- Ulike former for sabotasje/forureining/smittefare.
- Høgspentliner/bustadfelt/hytteområde.

Her må det også gjerast nærare kartlegging av sårbarheit og risiko



10. Lokal handtering av krisesituasjonar, katastrofar og ulykker

Første handtering av hendinga/Fase 1:

Den samordna beredskapsplanen føreset at alle einingsleiarar og fagansvarlege følgjer opp arbeidet med samfunnstryggleik, krise og beredskap gjennom eigne tilpassa ROS-analyser og eigne planar/fagplanar.

Formål: det kommunale tenesteapparatet skal vere i stand til å gjennomføre nødvendig dagleg drift, med dei endra føresetnadane som hendinga medfører.

Den første fasen av ei akutt krise/ulykke kjem til uttrykk lokalt, og i denne fasen må einingsleiarane utøve kriseleiingsansvaret åleine. Einingsleiarer skal ved alle høve varsle kommunedirektøren når ei ulykke eller ei uønska hending skjer.

Einingsleiarar og einingar skal vere budde på slike situasjonar. Dei må raskt skaffe seg oversikt over situasjonen og dei må vite korleis dei skal handtere hendinga vidare og kor dei kan vende seg for å få hjelp. *På bakgrunn av ROS-analysane skal eininga ha utarbeidd krisehandteringsprosedyrar der dei finn nødvendig rettleiing og opplysningar til hjelp i slike situasjonar.*

Alle einingar i kommunen skal minst ein gong årleg gå gjennom kriseplanane med dei tilsette. For nye tilsette skal planane gjennomgåast i løpet av første månaden i stillinga.

Vidare utvikling av hendinga/Fase 2:

Ved katastrofar og ulykker vil ofte hendinga ikkje vere av større omfang enn at redningstenesta vil ha kapasitet til å takle situasjonen. Redningstenesta vert her leia av politiet og omfattar brannvesenet, helsetenesta, industrivernet, forsvaret og sivilforsvaret.

Dersom krise/uhellet/ulykka KAN utvikle seg til ein omfattande krisesituasjon, skal kommunen si kriseleiing varslast så raskt som råd.

Dersom det skjer ei omfattande katastrofe eller ulykke, og dei ordinære innsatsorgana sine ressursar ikkje strekk til, kan kommunen bli engasjert i rednings- og oppryddingsaksjonar. I slike situasjonar vil det bli stilt store krav til kommunen, også utover det å stille ressursar til disposisjon.

Politiet er ved lov pålagt å leie redningsarbeidet dersom det er fare for skade eller fare for tap av liv. Etter politilova er politiet pålagt ansvaret for akuttinnsatsen, også dersom det er fare for materielle verdiar, inntil anna ansvarleg mynde har fått etablert seg.

Statsforvaltaren skal ha samordningsansvaret ved større katastrofar, eller om hendinga femner om fleire kommunar.

Brannvesenet er etter lova forplikta til innsats også ved akutte ulykkesituasjonar, og det er brannsjefen som har leiinga på ein skadestad inntil politiet tek over. Kommunen har ansvaret for at samfunnet fungerer mest mulig normalt.

Når hendinga/krise er omfattande og den lokale redningssentralen (LRS-politidistriktet) er etablert, skal denne eininga (LRS) leie og styre hendingane vidare. I slike krisesituasjonar blir Sykkylven kommune ein av fleire ressursmedspelarar og alle lokale tiltak må då avtalast med LRS!



Kommunen sitt ansvar i ein krisesituasjon er å delta i arbeidet med skadeavgrensande tiltak for å sikre menneske, miljø og økonomiske verdiar.

Eksempel på kva kommunen kan få ansvaret for å handtere i ein krisesituasjon:

- Ta hand om skadde personar
- Omsorg for personar som har vore utsett for påkjenningar
- Evakuering av personar frå eit utsett område
- Innkvartering av evakuerte, skadde og/eller redningsmannskap
- Informere om situasjonen i kommunen og gi retningslinjer
- Forpleiing eller anna forsyningsstøtte
- Sikre helsemessig trygge næringsmidlar og drikkevann
- Rette opp skadar på kommunikasjon og andre anlegg
- Opprydding, oppreinsking, avfallsdeponering og annan innsats for å verne miljøet
- Vern om kulturelle verdiar

Overordna krisehandtering - Plan for kriseleiinga

Kommuneleiinga har ansvaret for at det vert gjort beredskapsførebuingar innan dei ulike kommunale aktivitetsområdet, og har i tillegg eit generelt ansvar for innbyggerane sitt ve og vel i ein krisesituasjon (både i krig og fred).

Kommunen sin «plan for kriseleiinga» er ein samordna plan for leiinga, og eit nødvendig hjelpemiddel for at kommunen skal kunne reagere raskt og effektivt i kritiske situasjonar. I denne kriseplanen er vedlagt aktuelle varslingslister, telefonnummer, ressursoversyn etc. Kriseplanen erstattar ikkje andre delplanar. Planen er ei samling av strategiske opplysningar om personell, utstyr og tiltak. Kriseleiinga må også i tilstrekkeleg grad vere kjent med innhaldet i delplanane, slik at dei også ved behov kan gjere seg nytte av desse.

Alle sektorar/einingar i kommunen har altså plikt til å ha eit ajour planverk for ein beredskapssituasjon, for å ivareta sine ansvars- og tenesteområde.

11. Planoversyn

Plan	Type	Adm. ansvar	Sist revidert/neste:
Beredskapsoversyn	Overordna	Krise-/kommuneleiinga	2023/neste 2024
Plan for kriseleiinga	Overordna	Krise-/kommuneleiinga	2023/neste 2024
Plan for varsling	Overordna	Krise-/kommuneleiinga	2023/neste 2024 ?
Plan for omsorgsberedskapen	Overordna	Krise-/kommuneleiinga	2021/neste 2022
Plan for evakuerte- og pårørandesenter	Overordna	Krise-/kommuneleiinga	2018/neste 2019
Plan for informasjonsberedskap og beredskapssekretariat	Overordna	Krise-/kommuneleiinga	2019/neste 2020
Smittevernplan		Kommuneoverlegen	2017/ neste 2020
Katastrofeplan		Kommuneoverlegen	2017/ neste 2020
Beredskapsplan for helse- og sosialtenester		Kommuneoverlegen	2013/neste 2017
Beredskapsplan for pandemi		Kommuneoverlegen	
Konsekvensanalyse	Åknes	Utarbeidd av kommune-nettverket	Nov 2015/ neste rev 2019
Aktørplan – generell del	Åknes	Utarbeidd av kommune-nettverket	Des 2015/ neste rev 2019
Aktørplan – samordning - lokale samfunnsmessige konsekvensar	Åknes	Krise-/kommuneleiinga (nettverket har lik mal)	Sept 2022
Aktørplan – flytting av kommunal verksemder	Åknes	Krise-/kommuneleiinga (nettverket har lik mal)	Sept 2022
Kommunikasjon/informasjon på kommunenivå (eigen plan – eller er overordna plan tilstrekkeleg ?)	Åknes (avklaring når overordna plan er ferdig)	Krise-/kommuneleiinga	2010/ venter på overordna plan

Heilskapleg ROS er overordna grunnlag for beredskapsplanverket.

12. Ajourhald/revisjon

Beredskapsoversynet skal reviderast kvart år.
Beredskapskoordinatoren har ansvaret for dette arbeidet.